



Finnøy kommune  
Rådhuset  
4160 FINNØY

Kontakt saksbehandlar

Cathrine Stabel Eltervåg, 51 56 89 15

## Fastsetting av lokal forskrift for jakt av grågås, Finnøy, Kvitsøy og Rennesøy kommunar 2019 - 2021

Fylkesmannen opnar for utvida jakt på grågås i Finnøy, Kvitsøy, og Rennesøy kommunar etter forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongene fra 1. april 2017 til og med 31. mars 2022 § 3, punkt 1, med heimel i naturmangfaldlova og viltlova.

Fastsett av Fylkesmannen i Rogaland 16. juni med heimel i lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 15 og § 16 og forskrift av 25. januar nr. 106 om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongane frå 1. april 2017 til og med 31. mars 2022 § 3.

### § 1 Føremål

Føremål med utvida jakt på grågås er å avgrense skadeomfang på dyrka mark og å fremme ein betre forvaltning av bestanden.

### § 2 Utvida jakttid

#### Felles føresegner:

Jakttid på grågås vert utvida med 15 dagar i forkant av ordinær jakttid, frå og med 26. juli til og med 9. august. Det er berre lov å jakte på dyrka mark og gjødsla beite (og inntil 30 meter frå dette).

#### Områdespesifikke føresegner:

**Rennesøy** All jakt skal skje på eller nærare enn 30 meter frå dyrka mark eller gjødsla beite og i tida mellom kl. 16:00 og 22:00. Verneområde og anna areal er friområde.

**Finnøy** Utvida jakttid gjeld berre på følgande øyar: Finnøy, Fogn, Talgje, Kyrkjøy, Bjergøy, Aubø, Tjul, Nord-Talgje, Helgøy, Nord-Hidle, Halsnøy og Ombo. All jakt skal skje på eller nærare enn 30 meter frå dyrka mark eller gjødsla beite og i tida mellom kl. 16:00 og 22:00. Mindre holmar, verneområde og anna areal på hovudøyane er friområde.

**Kvitsøy** Utvida jakttid gjeld berre på følgande øyar: Kvitsøy, Langøy, Hellesøy, Krossøy, Kråkøy og Hestholmen. All jakt skal skje på eller nærare enn 30 meter frå dyrka mark eller gjødsla beite og i tida mellom kl. 16:00 og 22:00. Øvrige øyar, verneområde og anna areal på øyane er friområde.



### § 3 Ikraftsetjing og varigheit

Forskrifta trer i kraft 26. juli 2019 og varer til og med 9. august 2021.

### §4 Oppheving

Fylkesmannen kan oppheva forskrifta i tilfelle at utviding av jakta gir uønskete verknadar.

### § 5 Straff

Brot på denne forskrifta vert straffa etter viltlova § 56.

---

## Bakgrunn for saka

Me viser til søknadar om tidleg jaktstart på grågås frå Finnøy (30.04.2019), Kvitsøy (30.04.2019) og Rennesøy (05.04.2019) kommunar. Bestanden av grågjæs er stor i kommunane, og det har over fleire år kome rapportar om beiteskadar på avlingar. Fylkesmannen har sidan 2012 opna for tidleg jakt på Kvitsøy, og sidan 2015 har me opna for tidleg jakt i alle dei tre kommunane. Desse kommunane har ei felles grågåsbestand, og dei samarbeider og utvekslar erfaringar om grågåsforvaltning. Fylkesmannen finner det derfor naturleg å lage ei felles forskrift for Finnøy, Kvitsøy og Rennesøy kommunar. Kommunane har for det meste vore nøgd med ordninga om tidleg jakt.

Gjeldande forvaltningsplan for grågås for Rennesøy kommune vart godkjent i mars 2018, i Finnøy kommune i juni 2015 og i Kvitsøy kommune i august 2015.

Finnøy kommune søker om tidlig jakt på grågås frå 26. juli og frem til ordinær jaktstart (10. august). Kommunen ønsker at det skal opnast for jakt på desse øyane: Finnøy, Fogn, Talgje, Kyrkjøy, Bjergøy, Aubø, Tjul, Nord-Talgje, Helgøy, Nord-Hidle, Halsnøy og Ombo. All jakt skal skje på eller nærare enn 30 meter frå dyrka mark eller gjødsla beite og i tida mellom kl. 16:00 og 22:00. Mindre holmar, verneområde og anna areal på hovudøyane er friområde for grågjæs.

Kvitsøy kommune søker om tidleg jakt frå 26. juli frem til 10. august, og dei ønsker at det skal vere lov å jakte kvar dag. Det skal i denne perioden berre opnast for jakt på Kvitsøy, Langøy, Hellesøy, Krossøy, Kråkøy og Hestholmen. Resterande holmar skal fungere som friområde. Kvitsøy kommune ønsker jakt om kvelden (kl. 16:00 – 22:00).

Rennesøy kommune søker om tidleg jakt frå 26. juli frem til 10. august, og dei ønsker jakt om kvelden (kl. 16:00 – 22:00).

## Rettsleg grunnlag

Etter forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseasonene fra 1. april 2017 til og med 31. mars 2022, kan Fylkesmannen fastsetta forskrift etter § 3 punkt 1a:

«Fylkesmannen kan åpne for jakt på grågås inntil 15 dager før ordinær jaktstart når det foreligger en godkjent lokal forvaltningsplan. I denne perioden fastsetter fylkesmannen jakttiden innenfor et tidsrom fra kl. 24.00 – 10.00 eller 16.00-22.00.»



## Fylkesmannen si vurdering

Det er eit krav at det skal vere ein lokal forvaltningsplan for grågås før Fylkesmannen kan opna for tidleg jaktstart. Dette kravet er oppfylt for alle dei tre kommunane.

Tidleg jakt er eit godt verkemiddel for å regulere lokal hekkebestand av grågås i område med store beiteskadar. Det er viktig at jakta går føre seg på ein måte som ikkje stressar gjæsene slik at dei trekker ut av områda straks jakta startar. For å unngå dette har Fylkesmannen tidlegare satt vilkår om at jakt mellom 26. juli og 10. august berre kan skje annan kvar dag.

Kvitsøy kommune søkar nå om å få jakte kvar dag også under tidlegjakta. I søknaden skriv kommunen at deira erfaring frå tidlegjakt så langt er at gjæsene returnerer til område kor dei vart jakta på allereie dagen etter. Kvitsøy kommune meiner difor at det er mogleg å jakta kvar dag utan å skremme gjæsene frå området. Fordi den lokale hekkebestanden av grågås trekker tidleg, vanlegvis før ordinær jakt startar, meiner Kvitsøy at det er naudsynt å få så mange jaktdagar under tidlegjakta som mogleg. Kvitsøy viser til at det i andre kommunar (i andre fylker) er opna for å jakta kvar dag.

Tilbakemeldingane frå Finnøy og Rennesøy er og at dei lokale gjæsene trekker før ordinær jaktstart. Dei melder og om ei aukane bestand av grågås og aukande beiteskader på dyrka mark. Finnøy og Rennesøy ønsker å endre frå morgonjakt (kl. 03:00 – 10:00) til kveldsjakt (kl. 16:00 – 22:00).

Organisering av jakta er vist å vere viktig for å få eit høgare jaktutbytte og for å unngå at gåsa trekker tidleg frå jaktområda<sup>1</sup>. Viktige stikkord er grunneigarsamarbeid, jaktfrie sonar (friområde) og at ein legger opp til dagar utan jakt. For å få til ein lokal tilpassing av jaktorganisering kan det vere fornuftig at det ikkje er vilkår om jakt annan kvar dag i forskrifta. Men me vil sterkt oppmode til at jakta organiserast i jaktfelt og at grunneigare i jaktfelta går saman om å etablere jaktfri sonar og dagar utan jakt. I alle høve bør det etter jakta i 2019 gjennomførast ei evaluering av jakta og organiseringa for å finne ut om det er naudsynt å gjere endringar før jakta neste år.

Fylkesmannen skal vidare vurdere søknaden etter rettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7 i same lov.

### Kunnskapsgrunnlaget (§ 8)

Det er over fleire år gjennomført teljingar av hekkande grågås i Rennesøy (2014 og 2015), Finnøy (2013 – 2015) og Kvitsøy kommunar (2015 -2019). I tillegg registrerte Norsk institutt for naturforskning (NINA) mytande grågjæs i Rogaland i 2015 og Norsk Ornitologisk Foreining i Rogaland har eit langvarig og pågåande prosjekt med teljing av hekkebestanden av grågjæs i Norheimsholmane i Sjernarøyane i Finnøy. Bestanden av grågjæs er difor godt dokumentert.

Resultat frå teljingar lokalt og nasjonalt (og internasjonalt) viser at bestanden av grågås er stor og robust, og det er ikkje grunn til å frykte at den ikkje vil tole eit auka uttak gjennom jakt. Tidleg jaktopning er eit godt og målretta verkemiddel nettopp for å redusere den lokale hekkebestanden og dermed redusere skadar på landbruk.

---

<sup>1</sup> Jensen, G.H., Tombre, I., Eythórsson, E., Madsen, J., Søreng, S.U., Gundersen, O.M. & Hovland, P.J. 2012. [Gåsejakt i Nord-Trøndelag](#). Resultater fra ulike jaktorganiseringer i 2011. - NINA Rapport 777. 46 pp. Norsk institutt for naturforskning (NINA), Tromsø



### Før-var-prinsippet (§ 9)

Det er som nemnd god oversikt og dokumentasjon på bestanden av grågås, og uttaket gjennom jakt vil av erfaring ikkje vere ein trussel for arten eller den lokale hekkebestanden. Før-var-prinsippet kommer difor ikkje til bruk i denne saka.

### Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10)

Tidleg jakt kan verke negativt på økosystem og utgjere ein samla belastning etter naturmangfaldlova § 10. Det er særleg skytestøy frå jakta som kan vere problematisk for andre artar så tidleg i sesongen (juli). Me har difor satt vilkår i forskrifta om at jakta berre skal skje på eller nærare enn 30 meter frå dyrka mark eller gjødsla beite. I tillegg er det døgnregulering. Desse vilkåra vil og bidra til å gjere konflikten mellom jakt og natur og friluftsliv mindre.

Me vil igjen minne om at forskning viser at eit sterkt jaktrykk vil presse grågjæsene til å trekke ut av jaktområde kort tid etter jaktstart. Om det skjer vil ein ikkje få til ønska avskyting av den lokale hekkebestanden. Det er viktig at jakta vert organisert slik at ein i størst mogleg grad unngår dette.

§ 11 om kostnadar ved miljøydelegging er ikkje aktuelt i denne saken då jegerane har ansvar for eiga jaktutøving. Det er viktig at jegerane og grunneigare vert gjort kjend med vilkåra for jakta. Gjeldande jaktlovar regulerer utøving av jakta, og i tillegg vil avgrensingar i tid og rom i forskrifta sørge for dei beste samfunnsmessige resultatata jf. § 12.

### **Til sist**

Sjå vedtak med forskrift øvst i dette brevet.

Etter at klagefristen er ute vil Fylkesmannen sende forskrifta til kunngjering.

Me ber om at kommunane i etterkant av jaktperioden i 2019 sendar oss ein kort oppsummering av korleis tidlegjakta har fungert. Me er særleg interessert i jaktorganiseringa, og om det er merkbar skilnad mellom jakt annan kvar dag og jakt kvar dag. Tal på felte gjæs under tidlegjakta er viktig å ha med i oppsummeringa.

### **Klagerett**

Dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på innan 3 ukar etter at vedtaket er gjort kjent. Ein klage skal stilast til Miljødirektoratet men sendast til Fylkesmannen for uttale.

Med helsing

Cathrine Stabel Eltervåg  
seniorrådgivar

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvernssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Sandnes kommune v/ landbrukskontoret  
Miljødirektoratet  
Statens naturoppsyn - Miljødirektoratet

Postboks 583

Postboks 5672 Sluppen

Postboks 5672 Sluppen

4305 SANDNES

7485 TRONDHEIM

7485 TRONDHEIM



Adresseliste:

Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	KVITSØY
Rennesøy kommune	Postboks 24	4159	RENNESØY
Finnøy kommune	Rådhuset	4160	FINNØY